



Samferdselsdepartementet  
Veg - og baneavdelinga  
postboks 8010  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200802866-32/027/BJORMI

Dykkar ref.:  
09/278 - BO

Bergen, 20. februar 2009

## Forvaltningsreforma - høyringsuttale - vedtak i fylkesutvalet

Vi viser til brev frå Hordaland fylkeskommune datert 12.2.2009 der samferdselsutvalet si innstilling til høyringsuttale til lovforslag gjeldande forvaltningsreforma vart oversendt. I brevet vart det varsla at moglege endringar etter handsaminga i fylkesutvalet ville bli ettersendt. Vi viser også til e- post frå Brita Ottem, samferdselsdepartementet datert 10.2.2009:

*"Vi vil likevel i den grad det er mulig prøve å ta hensyn til uttalelser som kommer etter fristen, så send den hit etter møtet i fylkesutvalget."*

Fylkesutvalet handsama saka 19.2.2009 og vedtok slik uttale:

*1. Fylkesutvalet er samd med Samferdselsdepartementet i at det er behov for ei lov som kan sikra at det vert ei smidig og ryddig overføring av rettar og plikter ved gjennomføringa av forvaltningsreforma. Det er viktig å hindra at kontraktar vert terminerte og at viktige vegprosjekt vert stogga eller forseinka.*

*2. Fylkesutvalet føreset at staten i samband med overføringa/omklassifiseringa gjev fylkeskommunane full økonomisk kompensasjon for å utbetre dei aktuelle vegstrekningane som ikkje har god nok teknisk standard - i samsvar med § 7 i veglova.*

*Fylkesutvalet føreset og at det i tida framover vert gjeve tilstrekkeleg med midlar til å sikra at ferjene stettar krava i lova og forskrifter og krav til universell utforming.*

*3. Fylkesutvalet vil også understreka at kontraktar som Statens vegvesen inngår eller forlengjer før 2010, ikkje må leggja opp til auka standardar eller auka økonomisk omfang, utan at det skjer i nært samarbeid med den aktuelle fylkeskommunen. Fylkeskommunane må frå 2010 ha tilstrekkeleg handlingsrom til å tilpassa og utforma samferdselspolitikken innanfor eige fylke innanfor overordna nasjonale rammer.*

*4. Fylkesutvalet vil rå til at garantiansvaret etter ordninga om "betinga refusjon" vert overført til vegeigar og at dette vert kompensert.*

*5. Fylkesutvalet er samd i dei føreslegne endringane i vegloven § 2 (om namneendring), § 52 (om registrering i grunnboka), §29 (om byggegrense) - og at ein ikkje endrar klagereglane i vegloven §11.*

*6. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkeskommunane vert takststyresmakt for fylkesvegferjene i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet.*

7. Fylkesutvalet er kritisk til at samferdselsdepartementet kjem med pålegg og instruksar for korleis fylkeskommunane skal byggja ut, vedlikehalda, drifta og forvalta det framtidige fylkeskommunale vegnettet - inklusive tunnelar, bruar og ferjer. For sterke sentrale føringar vil verka undergravande for forvaltningsreforma som ei lokaldemokrati reform. Fylkeskommunen føreset at dei sjølve kan velja arbeidsform og intern organisering i samsvar med prinsippet om rammestyling. Fylkesutvalet går difor i mot dei føreslegne endringane om forskriftsfesting i

- a) Vegtrafikkloven § 40a
- b) Vegloven § 16
- c) Vegloven § 62

8. Fylkesutvalet legg til grunn at ressursar til strategisk planlegging og utgreiingsarbeid vert tilført direkte til fylkeskommunane og ikkje til ein sams vegadministrasjon i Statens vegvesen. Ved ein slik modell vert det eit klårare skilje mellom bestillar og utførar. Fylkeskommunane må bli styrka med ressursar knytt til bestillarfunksjonen, strategisk/overordna planlegging, utbyggingspakkar, budsjett, ferjedrift og klagehandtering.


9. Fylkesutvalet rår til at vegdistrikta i Statens vegvesen vert endra slik at dei følgjer fylkesgrensene og at leiar av fylkesvegkontora bør ha tilstrekkelege fullmakter i høve til kontakten med fylkeskommunen.

10. Fylkesutvalet rår til at fylkeskommunane overtar ansvaret for å godkjenna bompengepakkar som gjeld lokale og regionale vegar.

11. Fylkesutvalet legg til grunn at det vert avklara kven som skal ha ansvar for drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar langs fylkesvegnettet og korleis dette skal kompensast.”

Med helsing

  
Magnus Vestrheim

  
Bjørn Inge Midtgård